



Statens vegvesen

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG
BYGNINGSETATEN
Postboks 7700

5020 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/200249-14

Dykkar referanse:
PLAN-2022/20545-
243

Vår dato:
13.11.2025

Uttale – Justert planforslag til avgrensa høyring: Årstad, gnr. 159 bnr. 128 mfl., Delfelt S14 Mindemyren arealplan-ID 66350000 – Bergen kommune

Vi viser til brev i frå Bergen kommune motteke hos oss 22.10.25, med justert planforslag for Delfelt S14, Mindemyren.

Statens vegvesen fremma motsegn til detaljreguleringa for S14 Mindemyren i brev av 30.11.2023. Det var særleg to punkt som stod sentralt. Det gjaldt parkeringsdekninga og fortauet på E39, der breidda var redusert i høve til det som var avsett i områdeplanen. I etterkant av motsegna har Statens vegvesen hatt dialog med Bergen kommune, mellom anna om flytting av busshaldeplass mot nord og byggjegrænse mot Fjøsangervegen.

Statens vegvesen har også over tid hatt dialog med kommunen vedrørende oppføring av grøntareal mellom fortau og sykkelstamvegen aust i planområdet for S14. Statens vegvesen har her vore klar på at ein ikkje ønskjer å ha grønt areala mellom desse tilboda til dei mjuke trafikantane. Dette spesielt med dei utfordringane dette gjev i driftssituasjon.

Vurdering av planforslaget til avgrensa høyring

Slik vi oppfattar utforminga av reguleringsplanen for S14 Mindemyren, så er grøntareal lokalisert mellom køyreveg frå nord mot sør og fortau. Dette er ei lokalisering som Statens vegvesen kan akseptere så lenge det ikkje vert teken areal av fortau og gang og sykkelstamvegen til dette grøntarealet. Dersom det er trong for meir areal her, så må ein ta det frå areal ved Kanalvegen. Grøntarealet må Bergen kommune vere eigar av. Vi legg til grunn at dagens planlagde fortau og sykkelstamveg ikkje skal flyttast, samt at desse tilboda for mjuke trafikantar får fulle breidde som planlagd. Statens vegvesen sin eigedom i området vert da fortau og gang og sykkelveg.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Når det gjeld parkeringsdekning så er denne no redusert til 0,4 plasser per 100 kvm for bustad og maks 2 plassar til parkering pr 1000 kvm næring. Ny utforming for parkering er sikra i føresegnene. Statens vegvesen ser å kunne knytte seg til disse endringane for parkeringsdekning.

Vidare ser vi at avgrensa høyring av reguleringsplanen for S14 no har fått eit breiare areal for lokalisering av fortau langs E39, Fjøsangerveien. Vi vurderer at dette er det ein maksimalt kan få til på det smale arealet langs Fjøsangerveien. Vi ser positivt på denne breiddeutvidinga.

Når det gjelder pkt 2.1.1 flytting av busshaldeplassen med tilhøyrande signalregulering så er vi kjent med at det er under arbeid godkjenning av dette mot Vegdirektoratet. Planen kan ikkje sendast til godkjenning før svar frå Vegdirektoratet ligg føre og eventuell godkjenning er innarbeid i planen.

Når det gjeld endring av gangkryssing av Kanalveien i pkt 2.1.3 med signalregulering så er det en føresetnad at Vestland fylkeskommune sender oss søknad om dette som vi vurderer å sender vidare til Vegdirektoratet. Godkjenning på dette punktet frå Vegdirektoratet må ligge føre og innarbeidast i planen før den kan godkjennast

Samanfatning

Statens vegvesen ser positivt på mange av dei endringane som er gjort i reguleringsplanen for S14 Mindemyren, som no er lagt fram til avgrensa høyring. Vi ser difor å kunne stille oss bak desse med tanke på motsegna i saka. Vi ser likevel at når det gjelder signalregulering både på Fjøsangerveien og ved Kanalveien, så er det ikkje innhenta uttale frå Vegdirektoratet i høve desse. Før planen vert sendt til godkjenning må det ligge føre uttaler på desse punkta og eventuelle positive uttaler frå Vegdirektoratet må innarbeidast i planen. Statens vegvesen har ikkje motteke brev frå Vestland fylkeskommune når det gjeld flytting av gangfelt med signalregulering i Kanalveien. Statens vegvesen ser ikkje å kunne trekke motsegna før alle trafikale moment er innarbeid i planen.

Transport-vest/Transportforvaltning Vest 3
Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Askedalen 2, 6863
LEIKANGER